

BYGGASSISTENTEN RISØY

Solåsen 2 H
5223 NESTTUN
Tlf.: (+47) 411 08 254
e-mail: gunnar.risoy@gmail.com

Alver kommune
Byggesaksavdelinga
Postboks 4

5906 FREKHAUG



Nesttun, den 09.07.2023

Dykkar referansar: 22/6168 – 23/45374

**VEDK.: RISØYVEGEN 109, G/Bnr. 81/3,
FLYTEBRYGGJE.
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I SJØEN –
BRUK OG VERN AV SJØ I SJØOMRÅDE.**

Ein syner til vårt brev dagsett 30.05.2023 med søknad om å leggja ut flytebryggje, svarbrev frå Alver kommune dagsett 09.06.2023, og til seinare telefonsamtale med Larissa Dahl.

I brevet frå Alver kommune vert det peika på at vårt brev av 30.05.2023 ikkje har teke med søknad om dispensasjon frå arealføremål i sjøen – bruk og vern av sjø i sjøområde. Med dette søkjer ein om dispensasjon frå dette føremålet.

Grunngjeving for at ein meiner at slik dispensasjon bør gjevast, er den same som er ført opp i vårt brev dagsett 30.05.23. I tillegg kan ein sjølvsagt peika på at føremålet med «Strandlova» er å gje allmenta lettare tilkomst til strand og sjø. Kva er då meir naturleg enn at ein gjev eigar/brukar av det aktuelle strandstykket lettare tilkomst til eiga strand?

Underteikna har forstått det som vart sagt i telefonsamtalen slik at med dette skulle alle naudsynte dispensasjonssøknader vera innsende, slik at saka kan verta handsama vidare.

Når det gjeld informasjonen om at søknaden ikkje kan handsamast utan løyve frå Bergen Havn, er den ikkje i samsvar med informasjon vi har fått frå Bergen Hamn. Dei seier at dei ikkje kan handsama vår søknad før vi har fått innvilga søknader om dispensasjonar. Dei seier og at kommunen må kunna handsama slike søknader på grunnlag av den førehandsuttalen Bergen Hamn har gjeve i brev datert 18.08.2022, der dei seier at dei ikkje kan sjå noko problematisk med vår søknad, og at dei er innstilt på å fatta positivt vedtak i saka.

De krev og at det må sendast inn målsette teikningar av flytebryggja, med spesifisering av materialval. Når ein ser dette i samanheng med det fjerde kravet i dykkar brev, finn ein stoda noko vanskeleg. Måten dette vert gjort på er nemleg slik:

BYGGASSISTENTEN RISØY

Solåsen 2 H

5223 NESTTUN

Tlf.: (+47) 411 08 254

e-mail: gunnar.risoy@gmail.com

Når ein har fått (dersom ein får) godkjent dette prosjektet må ein henta inn tilbod frå leverandørar/produsentar av slike bryggjer, og gjera avtale om levering. Oftast vil og leverandøren frakta bryggja på plass. Det skulle vera nokså klart at ein ikkje kan henta inn tilbod utan å vita om det vert noko av prosjektet.

Eit anna alternativ kan sjølvsagt vera at ein prøver å få kjøpa ei brukt bryggje som noverande eigar ikkje har bruk for lenger. Heller ikkje dette kan ein gjera utan å vita om det vert gjeve løyve.


Men i begge alternativa er det slik at det einaste tiltakshavaren skal gjera er å fortøya flytebryggja.

Også dette kan ein rekn med at leverandøren vil ta på seg.

Då verkar det noko spesielt at ein må ha ansvarsrett.

Med venleg helsing

BYGGASSISTENTEN RISØY



Gunnar Risøy